

## Sykehuskirken, preste- og samtaletjenesten

### KIRKEN er for tiden under ombygging!

Midlertidig kirkerom er Søsterhjemmets kapell som ligger helt sør i 1. etg. i det gamle sykehusbygget.

Det er vanligvis gudstjeneste med nattverd hver søndag kl 11:00, men er midlertidig stengt for gudstjenestebruk av smitterverns hensyn. Dersom du ønsker nattverd på rommet, kan du si ifra til personalet som formidler beskjed til presten.

### SAMTALER OG SJELESORG

**Sykehusprestens viktigste oppgave er å være tilgjengelig for deg og dine pårørende for dialog og samtalestøtte i din aktuelle livssituasjon.** Stort eller lite spiller ingen rolle, å være innlagt på sykehus kan av forskjellige årsaker utløse behov for samtale og refleksjon. Presten har selv sagt taushetsplikt. Vi formidler også kontakt med prest / samtalepartner fra andre tros- og livssynssamfunn.

På Haraldsplass er vi tre prester som er tilgjengelig alle dager fra 0800 - 2000. Om ønskelig kan pleiepersonalet formidle kontakt, eller du kan ringe prestens vakttelefon som er angitt nedenfor.

### SØNDAGSHILSEN PÅ NETT

Søndagshilsen ligger også ute på sykehusets internetsider under «prestedtjenester»

*Hilsen sykehusprestene*

*Kristin Lødøen Hope, Karl Hjelmeland og John Kristian Rolfsnes*



**i** Vil du ha mer informasjon eller trenger du å snakke med oss?

 Tlf: 922 07 527

 [www.haraldsplass.no](http://www.haraldsplass.no)

 Søk :prestedtjenester

# Søndagshilsen

## 19. søndag i treenighetstiden

### 11.10.2020



**Det er for tiden ikke gudstjenester i Sykehuskirken på Haraldsplass!**

**Fra TV skjermen på pasientrommet kan du høre gudstjenesteoverføring på NRK P1 kl 11:00. Mange lokale kirker og kirkesamfunn har også digitale gudstjeneste sendinger som kan streames på nett.**

# 19. søndag i treeiningshetstida

Tekst: Galaterbrevet 5:16-26

16 Eg seier dykk: Lev eit liv i Anden! Då følgjer de ikkje dei vonde lystene i dykkar kjøt og blod. 17 For det kjøtet vil, står Anden imot, og det Anden vil, står kjøtet imot. Dei to ligg i strid med kvarandre, så de ikkje kan gjera det de vil. 1

8 Men blir de drivne av Anden, då er de ikkje under lova. 19 Det er klårt kva slag gjerningar som kjem frå kjøtet: hor, umoral, usømd, 20 avgudsdyrking, trolldom, fiendskap, strid, sjalusi, sinne, sjølvhevding, usemje, splittingar, 21 misunning, fyll, festing og meir av det slaget. Eg har sagt det før og seier det på nytt: Dei som driv med slikt, skal ikkje arva Guds rike.

22 Men Andens frukt er kjærleik, glede, fred, tolmod, mildskap, godleik, truskap, 23 audmjukskap og sjølvdisiplin. Slike ting er ikkje lova imot! 24 Dei som høyrer Kristus til, har krossfest kjøtet med lidenskapane og dei vonde lystene. 25 Lever vi ved Anden, så lat oss òg vandra i Anden. 26 Lat oss ikkje vera drivne av æresjuke så vi utfordrar og misunner kvarandre.



## Kampen for det gode

Dei fleste har vel ei oppleving av at det føregår ein kamp mellom vonde og gode krefter i denne verda. Gjennom TVen får vi det inn i stova eller på pasientrommet. Drap, terror og krig er daglig i nyhetssendingane. Men heldigvis finst det også døme på det motsette. Gode ting som skjer. Menneske som gjer ein oppofrande innsats for andre utan tanke på å få noko igjen.

Teksten denne søndagen handlar om at denne kampen er ikkje berre noko som føregår ute i verda, langt borte frå oss, eller berre i nabolaget vårt for den del. Nei, denne kampen går også, djupast sett, inne i kvart einskild menneske. Vi har alle muligheiter til det vonde og til det gode.

Kva som kjem ut og blir frukta av vårt liv handlar i stor grad om kva vi tek inn og fyller oss med. Viss vi fyller sinnet med hat, bitterhet og misunning, blir livet vårt prega av det. Men dersom vi heller opnar oss for omtanke, forståing og kjærleik bli også livet vårt farga av det gode.

Søndagsteksten oppfordrar oss til å la oss inspirere og fylle av Guds gode ande. Då får vi ei drivkraft og ein medspelar i det gode si teneste.

Andens frukt er kjærleik, glede, fred, tolmod, mildskap, godleik, truskap, audmjukskap og sjølvdisiplin. Der desse eigenskapane og verdiane er rådande er det godt å vere.

God helg!

Karl Hjelmeland

sjukehusprest